



Rahma frå Myro(t.v.) og Nasra frå Steinsletto(t.h.) kosa seg med fiskesuppe saman med Samira frå Rosendal og resten av elevar og lærarar.

**Dei er stort sett alltid fornøgde og takknemlege elevane ved vaksenopplæringa. Torsdag var stemninga ekstra god. Då var det utedag for dei fleste elevane. På programmet var det varierte og kjekke aktivitetar. Noko var heilt nytt for mange av dei. Mange prøvde t.d. kanopadling for første gong.**



Mowlid(t.v.) frå Beinavikjo kosa seg med chips og kakao saman med Abdiiaziz frå Herøysundet.

Utedagen føregjekk ved Opsangersvatnet, på strekningen mellom rohuset og Odinstranda. Skulen samarbeidde med Knut-Arild Sørensen i Friluftsrådet Vest, og han stilte med mykje utstyr og styrte ein del av opplegget. Dagen starta med ein kjekk natursti for alle elevane før dei fordelte seg på ulike aktivitetar. Vanlege leikar/spel som kubb, dart, badminton, ringspel og fotball skapte mykje god aktivitet og god stemning, men mest spennande var det nok å prøva å padla kano med rettleiing av Knut-Arild. For dei fleste var dette første gong, men mest alle våga å prøva seg, og alle smila fortalte alt om korleis dei opplevde det. Fleire bålpanner var i sving, og det vart kokt god fiskesuppe til dei i overkant av 70 som var på skulen denne dagen. Suppa vart servert med flatbrød og loff til. Det var også grilling av kyllingpølser. Kaker, kaffi og saft var det og.

Det er alltid kjekt med slike dagar, men eg må sei eg var litt spent då eg kørde til jobb og gradestokken viste 5 grader. Det merkast mest ikkje at det var litt kjøleg på morgonkvisten i den varme stemninga, og då sola braut igjennom, vart det heilt fantastisk. Etter dagen var ferdig, hadde vi lærarane ei god stund der vi snakka om kor heldige vi er som får dela dagane med desse elevane og med kvarandre.

Men det var ikkje alle elevane som kunne delta. Avgangselevane i grunnskulegruppa hadde ikkje tid til det. I morgon, fredag, får dei vita kva som vert eksamensfag skriftleg. Ein spennande dag!



[Mange padla for første gong.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland.